

Vedlegg SNP 2017-2020



# ÅRDAL HANDLINGSPLAN 2018



# STRATEGISK NÆRINGSPLAN ÅRDAL 2017-2020

## Planstruktur



# HANDLINGSPLAN 2018

## Årdal mot 2021 – ny sterk oppgangsperiode

Framskrivningar av folketal og sysselsetting i ein kommune er vanskeleg. Til mindre kommunen er, til større er feilkjeldene. SSB tek ikkje omsyn til lokale tilhøve som påverkar utviklinga i ein så liten kommune som Årdal. Det er difor svært viktig at når ein legg SSB sine framskrivningar til grunn for strategien, må SSB sine tal korrigeraast med lokale tilhøve. Eit eksempel er framskrivningane som vart gjort av SSB rett før omstillingsperioden i Årdal. Effekten av denne omstillinga vart ikkje varsle i framskrivningane. Finanskrisa som slo så hardt inn i Årdal vart berre delvis varsle, då effekten av denne vart mykje større enn det ein trudde for Årdal.

Oppgangen i Årdal starta forsiktig hausten 2014. Vi såg at konjunkturane held fram med å betre seg i 2015. I 2016 såg vi effekten meir tydeleg. Årdal er på veg inn i ein sterk oppgangsperiode fram mot 2021. Truleg vil vi sjå at effekten av denne oppgangen, vil likne mykje på den utviklinga vi hadde etter 2010/2011.


Teikna på oppgang og utfordringane vi ser, er klare:

- » Sysselsettinga vil truleg auke i åra som kjem.
- » Innpendlinga vil halde seg høg og truleg auke. Dette skuldast etableringa av nye arbeidsplassar i Årdal.
- » Innflyttinga vil auke, men ikkje så mykje som arbeidsplassauken tilseier, då bustadmarknaden i Årdal ikkje vil kunne ta i mot så mange.
- » Tal Årdøler i aldersgruppa 20 – 39 år vil truleg halde fram med å auke. Desverre vil denne auken kome blant menn. Kvinner vil halde fram med å flytte frå Årdal i aukande grad. Dette skuldast at vi ikkje maktar å skaffe attraktive arbeidsplassar for kvinner. Reiseliv, handel vil halde fram med å auke tal tilsette, men omfanget vert ikkje stort nok.
- » Industrien vil truleg kunne bli meir attraktiv for kvinner i framtida, etter kvart som krav til operatørar i industrien endrar seg i takt med industri 4.0 satsinga.
- » Fødselsunderskotet vil halde seg på same nivå, på grunn av minkande fødselstal, då kvinnene flytter frå Årdal.
- » Næringsstrukturen vil vere stabil. Vi vil få ein sterkt vekst i industrien, truleg også sterkt auke i sysselsettinga i ein overgangsperiode, men effektiviseringa i industrien vil halde fram, og det beste vi kan håpe på er berre ein liten auke i sysselsettinga på lang sikt. Satsinga til Hydro og NorSun er likevel svært viktig for Årdal, då det får positive verknader for alle underleverandørane i Årdal. Truleg vil sysselsettinga på kort sikt auke med opp til 200 i industrien i Årdal, fram mot 2021. Men 100 av desse vil truleg vere innleigd arbeidskraft
- » Utviklinga fram mot 2021 heng nok også saman med store kull som går ut i pensjonsalder som må erstattast i det eksisterande næringslivet, og det avgjerande blir korleis ein handterer rekrutteringa. Eit forsiktig anslag er at minst 100 arbeidsplassar må erstattast med nye tilsettingar fordi stillingane blir ledige på grunn av pensjonsavgang. Det totale rekrutteringsbehovet kan difor fort bli opp mot 300 årsverk. Vil dette komme gjennom auka innpendling eller vil ein få lokal rekruttering eller tilflytting til Årdal?


- » Desse lokale tilhøva og utfordringane kjem ikkje godt nok fram i SSB sine analysar, då framskrivinga ikkje tek opp i seg lokale forhold knytt til større investeringar og eventuelle nye ekspansjonar/etableringar.

Ein alternativ framstillingsmåte som betre syner kva utfordringar lokalsamfunnet står framføre, gjorde vi saman med Telemarksforskning i 2016 (SSB sine tal):

Scenarier for utvikling i folketallet i Årdal.



Scenarier for utvikling av antall arbeidsplasser i Årdal.



Den nasjonale utviklinga har sjølv sagt innverknad på korleis utviklinga vil bli, men lokalt så har vi framleis tiltak som kan vere med å påverke utviklinga.

Ein del utviklingstrekk er veldig synlege når ein skal velje strategiar for framtida:

- » Årdal vil få arbeidsplassvekst dei 4 neste åra
  - Korleis sikre rekruttering til desse arbeidsplassane som også sikrar at folk vel Årdal som bustadkommune?
  - Korleis sikre rekruttering som erstattar alle som går av med pensjon?
  - Krava til ein tilsett i industrien vil endre seg dramatisk dei komande åra. Har Årdal ein strategi på å møte denne?
- » Årdal har ein næringsstruktur som først og fremst rekrutterer menn.
  - Korleis skape ein næringsstruktur som også rekrutterer kvinner?
- » Når folk vel seg ein bustadkommune, er det først og fremst arbeidet som betyr noko for valet, men alle som har alternativ til kva jobb dei skal velje, ser også på kvalitetar som ein aktuell bustadkommune har.
  - Er Årdal attraktiv nok når det gjeld, barnehage, skule, fritid og opplevelingar, handel, kultur, kommunikasjonar og bustader?

Strategisk Næringsplan prøver å etablere strategiar som skal gi positive svar på dei utfordringane vi står framføre. Utfordringane er samansette, og krev at vi får ein offensiv politikkutforming på alle dei områda SNP legg opp til. Naudsynte prioriteringar innan trонge økonomiske rammer må finne sitt svar.

## UTVIKLINGSTREKK ÅRDAL

I 2015 gjorde Telemarkforskning ei analyse på oppdrag frå Årdal Utvikling. Dette resulterte i rapporten «Regional analyse for Årdal. Attraktivitetsanalyse: Befolkningsutvikling, næringsutvikling og scenarier». Her kom det fram at Årdal enten måtte ha betre arbeidsplassutvikling enn andre (skape ny og betre næringsattraktivitet) eller høg bustadattraktivitet for å unngå nedgang i folketalet framover.

## VISJON OG MÅL FOR ÅRDAL


Årdal kommune sin overordna visjon er at Årdal skal vera ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida. Årdal Utvikling står opp om denne visjonen ved å bidra til ei berekraftig næringsutvikling med fokus på å legga tilhøva til rette for eit lønsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar, utvikla eit godt samarbeid mellom næringsliv og skule og mellom næringsliv og kommune.

Hovudmåla for Årdal Utvikling sitt arbeid er at Årdal skal:

- » Ha stabilisert tal sysselsette med arbeidsstad i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- » Ha stabilisert folketalet i kommunen, og lagt grunnen for ein forsiktig vekst
- » Ha ein meir variert næringsstruktur enn den vi har hatt fram til no

## FORSIKTIG VEKST


Etter nedgang i folketalet i Årdal kvart år i perioden 2009 til 2015, med totalt 4,9%, opplever ein i 2016 ein auke i folketalet på 0,1%. Dette saman med signal frå det konjunkturutsette næringslivet om at det er god vekst og store investeringsplanar lokalt som gir grunnlag for positiv utvikling dei neste åra. Folketalsframskriving frå SSB spår fortsatt nedgang i folketalet i Årdal basert på demografi, innvandring, næringsstruktur og nasjonale trendar. Framskrivinga i 2016 som «middelsalternativ» syner at folketalet i Årdal vil vere 5.345 innbyggjarar i 2020 (i dag 5.363), 5.155 i 2030 og 5.043 i 2040.



Utviklinga i folketalet i Årdal har i 2016 hatt ein liten vekst som følgje av større innflytting enn utflytting. Fødselsoverskotet har vore negativt sidan 2013 og er framleis negativt i 2016.


## INDUSTRIKOMMUNE

Årdal er eit samfunn der industriell produksjon har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Hydro Aluminium er den klart største industribedrifta, og i vi finn ein del verksemder som er underleverandør til Hydro og aluminiumsindustrien. NorSun er også blitt ein veldig sentral arbeidsplass i Årdal og står føre investeringsplanar og vekst framover. Næringsstrukturen i Årdal viser at vi framleis er ein industrikommune der industrien står for 44% av sysselsettinga. Offentleg sektor med kommune, fylke og stat står for berre 25% av sysselsettinga som er godt under dei fleste kommunar i Sogn og Fjordane. Vi ser at handel no står for 8% av sysselsettinga, mot 7% i 2015. Det er grunn til å tro at denne kan vekse vidare.



Figur – data SSB, andel sysselsette etter arbeidsstad  
1424 Årdal pr næring

Utviklinga i sysselsettinga i industrien i Årdal kan ein sjå av figuren under. Dei siste åra har det vore ein svak vekst i totalsysselsettinga i industrien i Årdal, medan Hydro si sysselsetting er stabil eller litt redusert. Dette heng saman med vekst i andre bedrifter utanfor Hydro, og spesielt NorSun som har hatt ei positiv utvikling.




Figur – data SSB og Hydro Aluminium, sysselsette arbeidsstad Årdal

## INNPENDLING

Utviklinga i sysselsetting i Årdal gjorde eit trendskifte i 2015 med auke på 84 arbeidsplassar. I 2016 er tal sysselsette med arbeidsplass i Årdal på nivå med 2015.

Utviklinga i 2016 er stabil samanlikna med 2015 også når det gjeld sysselsetting etter bustad. Dermed har også innpendlinga til Årdal stabilisert seg på same nivå som i 2015.




Figur – data SSB, sysselsette etter bustad og arbeidsstad 1424 Årdal

## ALDER OG KJØNN

Av dei sysselsette i Årdal, er det i 2016 42,1% kvinner og 57,9% menn. I 2015 var fordelinga 42,5% kvinner og 57,5% menn. Sysselsettinga etter alder viser at veksten siste året blant menn hovudsakleg har kome innanfor aldersgruppene 20-24 år, 25-39 år og 55-66 år, medan det er ein reduksjon i sysselsette menn i aldersgruppa 40-54 år. Blant kvinner er det størst reduksjon i aldersgruppa 25-39 år, og ein liten vekst i aldersgruppa 55-66 år.

Det er fortsatt mange som går av med pensjon og går ut av aldersgruppa 67-74 år, dette er ein trend som vil fortsette basert på at det er store etterkrigskull som er yrkesaktive og forventast ut i pensjon også dei neste åra. Dette vil gi gode muligheter for nyrekrytting.

## SYSSELSETTE ÅRDAL, ALDER OG KJØNN



Figur – data SSB, sysselsette arbeidsstad Årdal

## HANDEL

Handelen har fortsatt positiv utvikling i 2016 gjennom auka omsetnad og fleire tilsette. Ein har fått nyetablering innan møbel, og sommarmånadane har blitt viktige for fleire av bransjene. Effekten av auka reiselivstrafikk påverkar positivt. Handelsanalysen for 2016 viser at Årdal har fått auka eigendekning på handel pr innbyggjar og at lekkasjen går ned.

## REISELIV

I 2016 vart det utvikla ein reiselivsstrategi for Årdal som ei eige satsing ut frå strategisk næringsplan. Aktørane i næringa har teke ansvar for implementering av handlingsplan saman med Visit Sognefjord. Det har vore ei svært positiv utvikling på reiselivstrafikken i Årdal som har gitt positiv effekt både til reiseliv og handelsbedrifter. Trafikken på innfartsvegane aukar betydeleg, og overnatningsstatistikkane viser god auke. Dette har gitt effekt og statistikk for 2016 viser auka omsetnad og fleire tilsette i næringa.

## 1. Legge til rette for nye lønsame arbeidsplassar

### Mål:

Bidra til langsiktig utvikling gjennom kontinuerleg fokus på lokalt næringsliv si evne og vilje til å utvikla nye marknadar, produkt og tenester og legga til rette for at fleire bedrifter vert etablert i Årdal.

- » Vidareutvikle eit profesjonelt serviceapparat mot næringslivet.
- » Nyetableringar og nye satsingsområde i eksisterande bedrifter må ha som siktemål å styrke og vidareutvikle teknologimiljøet i Årdal.
- » Besøksnæringa reiseliv skal også ha spesiell merksemd i 2018.
- » Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemder, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. Satsinga skal samordnast med utviklinga av ein knoppskytingsstrategi, knytt opp mot etableringa av eit teknologisenter i Årdal

### 1.1. Førstelinjeneste

#### Mål:

Utvikle vidare Årdal Utvikling som ei serviceteneste for dei som ønskjer å skape nye bedrifter eller utvikle eksisterande bedrifter. Hjelpe næringslivet i å finne fram i verkemiddelapparatet. I 2017 har rammene vore for små i høve behovet. Vi forventar ein auke i denne aktiviteten i 2018.

### 1.2. Nyskapning og organisk vekst

#### Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Saman med regionen gjennomføre eit stort, felles løft og nye strategiske tilnærmingar for å auke den samla nyskapingsevna vår.

- » Etablering av nye bedrifter.
- » Vekst i eksisterande bedrifter.
- » Forsknings- og utviklingsarbeid.

I dette arbeidet vil ein i 2018 prøve å utvikle eit endå betre samarbeid med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.

### 1.3. Akkvisisjon

#### Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Det gjeld å finne dei verksemdene som:

- » Ser på Årdal som ei spennande lokalisering.
- » Er interessante for Årdalssamfunnet.
- » Kan utnytte dei moglegheitene ei lokalisering i Årdal kan gi.

## 1.4. Legge til rette for at Hydro vidareutviklar teknologisatsinga i Årdal

### Mål:

Legge til rette for at Hydro moderniserer i Årdal ved at dei vidareutviklar teknologisenteret i Årdal og etablerer ny hall for verdas mest bærekraftige aluminiumsproduksjon.

- » Arbeide for at Hydro får rammevilkår som gjer det mogleg å etablere ein fullskala produksjonshall med framtidas teknologi i Årdal.
- » Arbeide for at Hydro oppgraderer og utviklar karbonfabrikken på Årdalstangen.
- » Få fram Årdal sine konkurransefortrinn; tilgang på vasskraft, tilgjengeleg areal, høgkompetent arbeidsstokk og kompetansen knytt til teknologisenteret i Årdal.

## 1.5. Organisering av næringsutviklingsarbeidet

### Mål:

Sikre ei organisering av utviklingsarbeidet som leverer gode tenester, har økonomi som gir fleksibilitet og evne, ta på seg nye oppgåver der ein er god, legge til rette for offentleg – privat samarbeid for lokal utvikling, vere ein samarbeidsarena – dele kunnskap og informasjon med næringslivet, vere aktiv på arealplanlegging, infrastrukturtiltak og eigedomsforvaltning, legge opp til aktiv bruk av 3. sektor.

Stikkord som konkretiserer målet:

- » Samarbeid med andre kommunar
- » Utvikle eigne tenester i ein større marknad
- » Skape vekst i lokalt næringsliv (heimre marknad/referanse kunde)
- » Redusere interne kostnader og auke servicetilbod
- » Aktiv arealplanlegging
  - Muligheter knytt til bustad, næring og sentrumsutvikling
- » Infrastruktur tiltak
  - Støtte opp om besøksnæringane – samferdsel, sentrumsutvikling
  - Etablere attraktive rammevilkår for næringslivet
- » Aktiv eigedomsforvaltning
  - Få bustadmasse i aktivitet – aktør på marknaden (selje ut, kjøpe ved behov, leige ved behov -> aktivitet bygg og anlegg)
  - Nye bustad tiltak – Husbanken
  - Leigetakar som grunnlag for investeringar saman med næringsliv
- » Aktiv bruk av 3. sektor
  - Skape grunnlag for tilsette
  - Auka arrangement og aktivitet

## 1.6. Ekspansjon NorSun i Årdal

### Mål:

Forprosjektet skal med basis i NorSun sin aktivitet i Årdal, avklare konseptet for produksjonsutviding for NorSun i Årdal. Det skal gjerast vurderingar knytt opp mot marknadsmuligheter, teknologi, produksjonsorganisering, rammevilkår, støtte muligheter, kostnadskalkylar og kapitalbehov.

Utviklinga ved fabrikken har vore positiv og marknaden er i stor vekst. Arbeidet ÅU gjorde saman med NorSun i 2015, som ein forstudie (1 MNOK) til ein mulig ekspansjon, var nyttig, og dette har vore med på å legge grunnlaget for å gå vidare med ekspansjonsplanane. Dette trur vi er viktig for at fabrikken skal vere konkurransedyktig i marknaden framover. Tidspunktet for å diskutere ein slik industriell ekspansjon i Norge er veldig godt. Vi trur dette er ei framtidsretta investering innanfor ein grøn bransje med store vekstmuligheter framover, som vi ynskjer velkommen i Årdal.

Slik vi forstår situasjonen har NorSun behov for å få etablert ein prosjektorganisasjon og eit forprosjekt for å jobbe fram eit godt fundamentert avgjerdsgrunnlag for om ein vel å gå inn i eit hovudprosjekt med investering i ny produksjon. Forprosjektet vil ÅU vere med på å gi støtte til, for å skape grunnlag for å gjennomføre hovudprosjektet.

## 2. Helse

### Mål:

Med den komande eldrebølgja, vil vi ha eit veksande behov for ulike typar helsetenester. Årdal skal satse på næringsutvikling knytt til førebygging og rehabilitering innan helse generelt og psykisk helse spesielt. Denne satsinga skal gjerast i tett samarbeid med satsinga innan reiseliv, der opplevingar og infrastruktur skal kunne nyttast i begge bransjar over heile året.

- » Utvikle ein strategi for nyskaping og organisk vekst i eksisterande helsebedrifter.
- » Utvikle «Basecamp Årdal» til eit fyrtårn innan rehabilitering og som eit folkehelsetiltak, der vi tek naturen i bruk.
- » Utvikle privat-offentleg samarbeid som eige satsingsområde knytt til helsemarknaden.
- » Etablere gode relasjonar til aktuelle utdanningsmiljø som sikrar god tilgang på spisskompetanse.

## 3. Kompetanse og innovasjon

### Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke vekstkriftige næringsmiljø, må vi utvikle ein kompetansestrategi som kombinerer kompetanse, nettverk og kapital.

Samarbeid mellom FoU og næringslivet vert ein nøkkelfaktor i strategien. Strategien skal vere eit strategisk fundament for å få fleire gründerar, fleire vekstkriftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø.

- » Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemeld og betre konkurranseskraft.
- » Sikre verksemndene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- » Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale.
- » Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hos alle aktørane.

### 3.1. Kompetansesenter (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

#### **Mål:**

Etablere kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor – sikre forankring og gjere dei i stand til å ta ansvar for implementering av delstrategiane i strategien for innovasjon og kompetanse

### 3.2. Innovasjon og teknologi (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

#### **Mål:**

Etablere selskapet SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess) med kompetanse og kapital for å ta ansvar for implementering av delstrategiane knytt til teknologiutvikling i strategien for innovasjon og kompetanse

### 3.3. Organisering (ref Strategi for innovasjon og kompetanse)

#### **Mål:**

Skape arena for kompetanse og innovasjon gjennom samlokalisering av aktørar og utvikling av bedriftsnettverket/næringsklynga

### 3.4. Utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov

#### **Mål:**

Saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal på mellomlang og lang sikt. Skulen skal vere eit ressurscenter for nærmiljø og regionen og skal legge til rette for behov knytt til kompetansereforma og gje tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte.

- » Etablere samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar i Årdal og etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet.
- » Arbeide for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen, saman med næringslivet og Årdal vidaregåande skule.
- » Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.

## 4. Eitt samfunn

### Mål:

Årdal har to tettstader Årdalstangen og Øvre Årdal. Vi skal utvikle Årdal ved å redusere den praktiske og mentale avstanden mellom dei to sentrumsområda. Dette blir ein viktig føresetnad for å styrke bustadattraktiviteten i Årdal. Dette gjer vi ved å betre kommunikasjonsløysingane og etablere ei klar rolledeeling mellom sentrumsområda. Vi skal aktivt dyrke fram ulikskapen mellom tettstadene, når det gjeld opplevelingar, handel, service, tenestetilbod og bustadmiljø. Å bygge eit godt omdøme for Årdal må bli alle sitt ansvar.

- » Kultur og opplevelingar skal nyttast aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive tettstader. Vi skal legge til rette for næringsutvikling og bedriftsetableringar, men også tiltak som i første omgang er med på å styrke identitet og ei positiv oppleveling av staden.
- » Ved å satse på næringsutvikling som også er basert på kultur, oppleveling og fritid, vil dette vere med på å gi identitet og attraktivitet til Årdal.
- » Kulturbaserte næringar gjer at staden blir interessant som bustad og ein stad der ein har lyst å bu, jobba eller besøke.

### 4.1. Strategiplan for kulturbasert næringsutvikling

#### Mål:

Med utgangspunkt i kulturnæringane og kulturbaserte næringar i Årdal, skal ein arbeide fram ein strategi for at desse næringane skal bli vekstnæringar i kommunen. Planen skal få fram ei kartlegging av eksisterande tilbod/aktivitet og gi ei oversikt over vedtekne strategiar, planar og verkemiddel som eksisterer i dag. Idrett, arrangement og naturbaserte opplevelingar skal og være ein del av omfanget.

- » Strategien skal vektlegge synergiar mellom dei ulike næringane og kva innsatsfaktor dei er i andre næringar.
- » Strategien skal synleggjere utviklingspotensialet i næringane.

### 4.2. Betre kommunikasjonsløysingane

#### Mål:

Arbeide fram gode kommunikasjonar for Årdal, både ut og inn av Årdal og internt i Årdal, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om FV 53.
- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om Tindevegen

### 4.3. Legga til rette for ei framtidsretta og marknadsorientert utvikling av besøksnæringane i Årdal

#### Mål:

Saman med besøksnæringa realisere ein heilskapleg næringsstruktur innan handel, service, reiseliv og kultur i Årdal som sikrar eit variert tilbod av varer og tenester i bu- og arbeidsområdet.

- » Arbeide fram konkrete næringsprosjekt.
- » Arbeida fram og realisere planar for etablering av ulike tilbod for ungdom i Årdal.
- » Etablere opplevingsaksjonen frå Sognefjorden til Jotunheimen som ei felles strategi for alle besøksnæringane.
- » Legge til rette for å utvikle sentrumsområdet og sjøfronten på Årdalstangen saman med besøksnæringane.

## 5. Reiseliv

### Mål:

Årdal skal utvikle eit innovativt reiselivsmiljø med breie samarbeidsflater, og der «reason to go» vert skapt gjennom høg grad av kundetilpassing og opplevelingar som spelar på natur eller kontrasten mellom industri og natur. Satsinga skal integrerast tett med dei andre besøksnæringane handel og kultur.

- » Utvikle tydelege opplevelingar som gjev «reason to go» og kan marknadsførast og tilpassast ulike målgrupper.
- » Etablere naudsynt infrastruktur for gode gjesteopplevelingar som Utladalen/Vettismorki og sjøfronten på Årdalstangen.
- » Utvikle reiselivsbedrifter, etablere samarbeid og møteplassar for vidare innovasjon i næringa.
- » Legge til rette for ein god organisering i næringa.

<b>Operativ strategi</b>	<b>Prosjekt 2018</b>	<b>Tid</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Ansvar</b>
	Realisering av strategi	År	MNOK	
<b>1</b> LØNSAME ARBEIDSPASSAR	Drift av førstelinjenesteneste  Utviklingsprosjekt inntil 5 lokale bedrifter som skal sikre god lønnsemd for vidare ekspansjon.  Organisering av næringsarbeidet	2018 - 2020  2018  2018-2020	1,0  0,5  0,4	ÅU  ÅU  ÅU/ÅK
<b>2</b> HELSE	Forstudie «Basecamp Årdal» - rehabilitering, folkehelse og førebygging  Forstudie for å posisjonere Årdal mot store helseføretak i den norske marknaden			
<b>3</b> KOMPETANSE OG INNOVASJON	Styrke fagutdanninga og rekruttering til Årdal Vidaregåande skule  Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal»	2018-2020  2018-2020	0,1  0,1	ÅU/ÅN  ÅU/ÅN
<b>3.1</b> KOMPETANSE-SENTER	Legge til rette for etablering av kompetansesenter gjennom Sogn Opplæringskontor <ul style="list-style-type: none"><li>- Kompetansetiltak retta mot næringslivet</li><li>- Attraktive undervisningstilbod til grunnskulen og vidaregåande</li><li>- Etablering av prøvesenter for læringer</li></ul> Desentraliserte undervisningsstilbod frå fagskule/høgskule og universitetsmiljø	2018-2020	0,45	ÅU/SOK
<b>3.2</b> INNOVASJON OG TEKNOLOGI	Legge til rette for etablering av selskapet SITEP AS (Senter for innovasjon, teknologi og prosess) <ul style="list-style-type: none"><li>- Rekruttering av teknologi og prosjekt kompetanse til SITEP AS</li><li>- Teknologi/test senter med relevant utstyr, aktivitetar og tenester</li><li>- Utvikle nettverkssamarbeid med SINTEF Raufoss og andre relevante teknologi og kompetansemiljø</li></ul> Legge til rette for stipendiat stillingar og bruk av studentar	2018-2020	1,7	ÅU/SITEP
<b>3.3</b> ORGANISERING	Legge til rette for samlokalisering av ulike aktørar og styrke næringsklynga <ul style="list-style-type: none"><li>- Sikre attraktivt areal på Hydro sitt industriområde - etablering og samlokalisering.</li><li>- Forprosjekt bedriftsnettverk/næringsklynge i industrien</li><li>- Legge til rette for at Årdal kan ta ei regional rolle på industri utvikling</li></ul> Legge til rette for auka tilgang på ressursar og kompetanse for auka innovasjon og knoppskyting i næringslivet	2018-2020	1,8	ÅU
<b>4</b> EIT SAMFUNN	Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør stettast  Utvikle ein strategi for kulturbasert næringsutvikling (vedlegg til SNP 2018)	2018-2020  2018-2020	0,1  0,3	ÅU/ÅK  ÅU/ÅK
<b>5</b> REISELIV	Realisere utvikspunkt Vettismorki  Forstudie hytteturisme i Årdal  Forprosjekt utvikling av Utladalen  Forprosjekt sykkelturisme i Årdal  Arrangere fagdag "krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre.  Realisere prosjekt Sjøfronten  Utvikling av «bedriftsnettverk»	2018  2019  2019  2020  2018  2018  2020	2,0  0,2  0,5  0,1  0,1  0,35  0,1	ÅU/Naturh.  ÅU  ÅU/Reiseliv  ÅU/Reiseliv  ÅU/ÅN  ÅU/Reiseliv  ÅU/Reiseliv

Tiltaka står i ikkje-prioritert rekkefølge.

